

De representanter som ønsker å delta i gudstjenesten, anmodes om å samles i trappehallen i stortingsbygningen søndag 9. oktober. kl. 10.40, så man etter gammel skikk kan gå samlet til kirken.

Møtet hevet kl. 12.10.

Møte mandag den 3. oktober kl. 13.

President: *I n g v a l d s e n.*

Åpning av det 111. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 111. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President. Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for Fedrelandet.

Norge ser det som sin viktigste oppgave i mellomfolkelig samarbeid å bidra til fred og harmonisk samkvem mellom nasjonene. De forente nasjoner må styrkes slik at organisasjonen får økt mulighet til å løse konflikter og hindre krig.

Norge vil arbeide for internasjonal avspenning og nedrustning, og vil støtte alle tiltak for å hindre en videre spredning av atomvåpen og alle prøver med slike våpen.

Deltakelsen i NATO trygger medlemslandenes sikkerhet og gir grunnlag for fortsatt arbeid for stabilitet og fred i Europa. Som ledd i dette vil Norge søke å styrke kontakt og samkvem mellom landene i Øst- og Vest-Europa.

Norge vil fortsette arbeidet for en friere verdenshandel, for å styrke samarbeidet i EFTA og for å overvinne splittelsen mellom de to økonomiske grupperinger i Vest-Europa. Sammen med andre industriland vil Norge fortsette arbeidet for å finne realistiske løsninger på utviklingslandenes handelsproblemer.

I samarbeid med andre skipsfartsland vil Norge fortsette arbeidet for en fri konkur-

ranse på like vilkår i internasjonal skipsfart.

Norge vil fortsatt bidra til å fremme utviklingslandenes økonomiske og sosiale utvikling, både ved direkte tiltak og gjennom deltagelse i det internasjonale samarbeid på dette område.

I forsvaret vil virksomheten fortsette etter de hovedretningslinjer som er lagt til grunn for perioden 1964—68, samtidig som planlegging for den etterfølgende 7-års periode vil pågå. Arbeidet med å rasjonalisere forsvaret, herunder også personalforvaltningen, vil bli gitt høy prioritet. Innen NATO vil Norge fortsatt delta i bestrebelsene på å effektivisere virksomheten innen forsvarsorganisasjonen.

Det har i 1966 vært en sterk økonomisk vekst i Norge, og den økonomiske politikk vil bli utformet med sikte på jevn og sterk vekst også i kommende år. Målsettingen for den økonomiske politikk er en lønnsom og konkurransedyktig produksjon, arbeid for alle og en rettferdig fordeling av den økende velstand.

Et revidert langtidsprogram vil bli lagt fram.

Det vil bli lagt stor vekt på å legge grunnlag for økonomisk stabilitet og avtagende prispress.

Regjeringen vil legge vekt på et nært samarbeid med arbeidslivets og næringslivets organisasjoner. Organisasjonene er innbudt til samarbeid med sikte på å bekjempe prisstigningen, og prisproblemer vil fortsatt bli drøftet i Det økonomiske fellesutvalg. Regjeringen tar sikte på å få etablert et pristilsynsråd. Regjeringen vil videre drøfte med partene i arbeids- og næringslivet spørsmålet om utbygging og effektivisering av det samarbeid som har funnet sted i tilknytning til pris- og inntektsoppgjørene.

Den politikk det er lagt opp til i stats- og nasjonalbudsjettet, tar sikte på økt innsats når det gjelder veier, boliger, undervisning, sosiale formål og distriktsutbygging. Barnetrygden foreslås økt, stigende med barnetallet. Progresjonen i statsskatten foreslås lempet. Reglene om hustrufradraget vil bli endret med sikte på bedre likestilling mellom ulike grupper av skattytere. Omsetningsavgiften på bøker, tidsskrifter og ukeblad foreslås tatt bort.

Tiltak med sikte på å styrke eksisterende bedrifter og skape grunnlag for ny og mer variert næringsvirksomhet i de svakere utbygde distrikter vil bli gitt høy prioritet. Det vil bli lagt fram melding for Stortinget om distriktsplanlegging og retningslinjer for distriktspolitikken. I statsbudsjettet er det foreslått egne bevilgninger til veier m. m. av særlig betydning for distriktsutbyggingen. Spørsmålet om engasjement fra statens side i bygging og ut-

leie av industribygg vil bli forelagt Stortinget.

Tiltak for å bedre kommunenes muligheter for å kunne påta seg grunnlagsinvesteringer og planleggingsarbeid vil bli gjennomført.

Det vil bli lagt stor vekt på å dekke behovet for arbeidskraft blant annet til byggevirksomheten, og forholdene vil bli lagt bedre til rette for kvinners deltagelse i arbeidslivet. Arbeidet med å bringe uføre og yrkesvalghemmede inn i arbeidslivet vil bli aktivisert. Det arbeides med planer for reising av et attføringssenter i Nord-Norge.

Stortinget vil få seg forelagt forslag om effektivisering av Arbeidstilsynet.

For å sikre større tilgang på boliger vil det bli gjennomført tiltak blant annet med sikte på bedre planlegging og økt rasjonalisering av byggevirksomhet. Det vil bli lagt fram proposisjoner om rente- og avdragsregler for nedskrivningsbidrag og stonadslån i boligbankene og om endringer i husleieloven.

Ytterligere lempninger i byggeløveordningen vil bli gjennomført, og visse distrikter vil bli helt fritatt fra denne. Byggereguleringen for daginstitusjoner for barn vil bli opphevet.

Stortinget vil få melding om gjennomføringen av kommuneinndelingen.

Det vil bli lagt fram proposisjon om lov om 9-årig skole for hele landet. Mulighetene for en mer effektiv utnyttelse av undervisningskapasiteten ved universiteter, høyskoler og innen skoleverket vil bli analysert og vurdert med sikte på å skaffe flere utdanning. Spørsmålet om opprettelse av universiteter i Trondheim og Tromsø vil bli forelagt Stortinget. Det vil bli fremmet melding om støtte til skolegang og studier og foreslått retningslinjer for statsstøtte til private skoler. Administrasjon av voksenopplæringen vil bli organisert som en avdeling i Kirke- og undervisningsdepartementet.

Forslag med sikte på å styrke idrettens stilling vil bli framlagt.

Lov om folketrygd trer i kraft 1. januar 1967, og det vil bli lagt fram forslag til regler for administrasjon av folketrygdfondet og forvaltning av midlene. Trygdesystemet vil bli foreslått forenklet ved ytterligere inkorporering av trygder i folketrygden. Forslag vil bli fremmet om opprettelse av en statens skole for fysioterapeuter og om en ny verneskole for piker. Det vil bli framsatt forslag om ny sykehuslov, om endringer i administrasjonen av edruskapsarbeidet og om endringer i rusdrikkeloven. Stortinget vil bli forelagt en melding om endringer i barnevernsadministrasjonen og om omsorgen for de funksjonshemmede. De barnerike familiers økonomi vil bli utredet.

Stortinget vil få melding om utflytningsutvalgets innstilling. Stortingsmelding om struk-

turrasjonaliseringen i forretningsbankene vil bli framlagt. Stortinget vil få seg forelagt en melding om statens budsjettbehandling.

Det vil bli gjort opptak til å få utredet hovedprinsippene for den sentrale forvaltningsoppbygging og arbeidsfordeling.

Kredittforholdene i landbruksnæringen vil bli søkt bedret ved økning av Landbruksbankens utlånsramme, blant annet på grunn av nye utlånsformer. Utilstrekkelige bruksenheter vil bli søkt styrket ved tiltak for å skaffe tilleggsjord og tilleggsskog, blant annet ved aktiv bruk av midler fra Jordfondet. Det vil bli foreslått å øke satsene for utbetaling av erstatninger fra Naturskadefondet. Det vil bli lagt fram proposisjon om tiltak mot fiske sykdommer. Som et ledd i arbeidet med etterutdanning og for å styrke fagopplæring og veiledningstjeneste i landbruket vil den pedagogiske opplæring bli utvidet.

Det vil bli nedsatt et utvalg til å utrede spørsmålet om fiskerigrensen etter 1970. Spørsmålet om utbygging av rådgivningstjenesten og velferdstjenesten for fiskere vil bli vurdert. Arbeidet med rasjonalisering og effektivisering av fiske og fiskeindustri vil fortsette. Avtaket av sild og fisk vil bli viet særlig oppmerksomhet. Byggingen av et nytt havforskningsfartøy vil bli påbegynt.

Forslag til ny lov om lukningstid for utsalgssteder m. m. vil bli forelagt Stortinget.

Stortinget vil få seg forelagt en plan for utbygging av nye flyplasser og etablering av flyruter. Det vil bli lagt fram meldinger for Stortinget om trafikkavviklingen på Svalbard og om takstene i fergetrafikken samt fremmet proposisjoner om de framtidige organisasjonsformer for Norges Statsbaner og for Telegrafverket og Postverket.

For å bedre de mindre bedrifters kredittmuligheter vil det bli lagt fram forslag om en omlegging av virksomheten i Håndverks- og småindustrifondet. Det vil bli fremmet forslag om videre utbygging av Statens teknologiske institutt og den tekniske veiledningstjeneste. Forslag til revisjon av lov om håndverksnæringen vil bli satt fram. Stortinget vil bli forelagt proposisjon om lov om arbeidstakeres oppfinnelser og om opprettelse av et statsstøttet oppfinnerkontor.

Forslag om utnyttelse av kisforekomstene i Joma og i Bidjovagge vil bli forelagt Stortinget.

Forslag om styrking av Jernverkets økonomi og om Koksverkets framtid vil bli fremmet.

Stortinget vil få en melding om kraftutbyggingen og om retningslinjene for det videre atomenergiarbeid i Norge. Det vil bli fremmet forslag om opprettelse av et eget fond til støtte av bransjeforskning.

Proposisjoner om revisjon av konsesjonslovene vedrørende utbygging av vannkraft m. m. og om nye lovregler vedrørende vassdragsforurensning og melding om fredning av vassdrag og natur vil bli forelagt Stortinget.

Det vil bli utarbeidet planer for disponering av friluftsområder. Arbeidet med sikring av slike områder vil bli tillagt stor vekt.

Utviklingen i samfunnet har brakt trivselsspørsmålene stadig mer i forgrunnen, og de vil bli tillagt en sentral betydning under utforming av Regjeringens politikk på alle områder.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 111. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Bondevik:

Vi OLAV, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

I samsvar med sitt ynske om å halde oppe Dei sameinte nasjonane som ein effektiv reiskap i teneste for fred har Noreg aktivt stødd opp om dei fredsvernande tiltaka til Dei sameinte nasjonane. Ut frå dette synet har Noreg arbeidd energisk for at Dei sameinte nasjonane skal komme over dei politiske og finansielle vanskane som organisasjonen har stått andsynes i den siste tida.

Saman med dei andre nordiske landa har Noreg arbeidd vidare med å opprette innsatsbudde styrkar som skal stå til rådvelde for Dei sameinte nasjonane. Avdelingar frå hæren held fram å gjere teneste i dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Midt-Austen. Dei skandinaviske avdelingane er omorganiserte slik at Danmark og Noreg saman set opp ein bataljon det eine året, medan Sverige aleine set opp styrkar det andre året. I Midt-Austen og i Kashmir er norske offiserar med i FN's observatørkorps, og Noreg har gjevi økonomisk tiskott til FN's fredsvernande operasjon på Kypros.

Saman med dei andre medlemslanda i NATO har Noreg vori med i arbeidet for å styrkje vernebuinga til alliansen. Sidan Frankrike har endra si stode til det militære samarbeidet, har Noreg saman med dei andre 13 medlemslanda hjelpt til å leggje tilhøva til rette for at det integrerte forsvarssamarbeidet i NATO kan halde fram. Noreg har òg sett det som ei ho-

vudoppgåve å vere aktivt med i det arbeidet alliansen gjer for å fremme nedrustning og vidare avspenning i Europa.

Noregs innsats i det internasjonale samarbeidet for å hjelpe utviklingslanda, er auka gjennom norsk tilslutning til Den asiatiske utviklingsbanken og godkjenning av ein plan om auka norsk tilskott til matvareprogrammet for verda i kommande treårsbolck.

Koordineringa og samarbeidet mellom dei nordiske landa når det gjeld utviklingshjelp, er styrkt og utvida, og er framleis konsentrert om den samnordiske innsatsen i Aust-Afrika.

Den tosidige hjelpeverksemda gjennom Norsk Utviklingshjelp er monaleg utbygd både i fagleg breidd og i talet på nye engasjement. Etter at prøveperioden er fullført, er freds-korpstenesta gjord til ein regulær og fast del av verksemda til Norsk Utviklingshjelp.

Noreg har vori aktivt med i samarbeidet i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA). Tollsatsane i EFTA er no reduserte med 80 prosent på dei fleste industrivarer. Regjeringa har følgd nøye utviklinga i Det europeiske økonomiske fellesskapet (CEE), og har søkt å verne om dei norske interessene som verksemda til fellesskapet verkar inn på. Innanfor ramma av Generalavtalen om tolltariffar og handel (GATT) har Noreg vori med i arbeidet for å redusere dei internasjonale handelshindringane.

Saman med andre skipsfartsland har Noreg aktivt motarbeidd flaggdiskriminering og andre restriksjonar i internasjonal sjøtransport.

Noreg har saman med Danmark og Sverige haldi fram med arbeidet for å styrkje stillinga til SAS i internasjonal luftfart, og leggje grunnlaget for ei vidare utvikling av det internasjonale rutenettet til selskapet.

Noreg har vori med i det internasjonale kulturelle samarbeidet både innanfor ramma av 16 tosidige kulturavtaler og innanfor internasjonale organisasjonar som UNESCO, NATO, Europarådet og Nordisk Råd.

Verksemda i Forsvaret held fram etter dei hovudretningsliner som er dregne opp for perioden 1964—68. Det blir arbeidd med å effektivisere langtidsplanlegginga med sikte på å oppnå at forsvarsmidlane fører til størst mogleg vernebuing.

Det er lagt fram melding om hovudretningsliner for organisering av den øvste leinga i forsvarret.

Det meste av det materiellet som det er vedteki å skaffe til Forsvaret i perioden 1964—68, er no tinga eller under levering. Dei første av dei nye jagerflya til Luftforsvaret er tekne i bruk, og under det vedtekne nybyggingsprogrammet for Sjøforsvaret vil dei siste fartya bli leverte i 1967.

1966. 3. okt. — Åpning av det 111. ordentlige Storting.

Folkemengda var 3 763 000 pr. 1. oktober 1966, dvs. 0,8 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har stort sett vori enda strammare enn i fjor med større skort, særleg på kvalifisert arbeidskraft. I vintermånadene hemma den uvanleg strenge vinteren sysselsetjinga, men elles har stigninga i talet på lønnstakarar i forhold til året før vori om lag like sterk som i same tidsrom i 1965. Talet på registrerte arbeidsløse har frå og med mars vori mykje lågare enn i fjor, men også siste vinter var det noko arbeidsløse og undersysselsetjing i dei veikt utbygde distrikta. Ved utgangen av juli var det sysselsett 13 900 fleire lønnstakarar enn eitt år tidlegare, og ved utgangen av august var den registrerte arbeidsløsa 1 500 lågare. Auken i sysselsetjinga fall særleg på dei tenesteytande næringane, industri og byggje- og anleggsverksemd. Som vanleg dei siste åra gjekk sysselsetjinga ned i jordbruk og skogbruk.

Den samla produksjonen av varer og tenester har auka sterkt også i 1966, og så langt ein på det noverande tidspunkt kan vurdere utviklinga, vil produksjonen bli om lag 5 prosent større enn i 1965.

Oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei åtte første månadene var 9,4 milliardar kroner eller om lag 900 mill. kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdet av utførsla utanom skip gjekk samstundes opp med om lag 700 mill. kroner til 6,7 milliardar kroner. Både innførsla og utførsla auka i perioden januar—juli med 10 prosent i mengd. Eksporten til andre EFTA-land auka med 12 prosent og til CEE-landa med 9 prosent. Prisnivået for innførte varer endra seg lite, men for utførte varer låg prisane i første halvår 2 prosent høgre enn i same tidsrom i fjor. Nettoinnførsla av skip gjekk ned med 295 mill. kroner frå 893 mill. kroner i januar—juli 1965 til 598 mill. kroner i same tidsrom i år.

I dei sju første månadene av året var nettovalutafraktene av norske skip i utanriksfart 2 870 mill. kroner, eller 235 mill. kroner større enn i same periode i fjor. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 30 mill. kroner, dvs. 410 mill. kroner mindre enn i dei første sju månadene av 1965. Den totale gull- og valutamengda auka i perioden januar—juli med 43 mill. kroner til om lag 5,7 milliardar kroner.

I jordbruket er vonene for årsvokstereen noko dårlegare enn i fjor. I hagebruket er utsiktene til dels betre enn året før, men

somme distrikt har vori utsette for store avlingsskadar. For husdyrproduksjonen under eitt blir det venteleg ein liten auke i forhold til 1965.

I skogbruket var det i hogstbolken 1965—66 avverka 6,4 mill. m³ tømmer etter førebels oppgåver pr. 30. juni 1966. Dette er 18 prosent mindre enn året før.

Utbyttet av fisket var i første halvår om lag 1 500 000 tonn mot om lag 1 000 000 tonn i same periode i 1965. Førstehandsverdet auka frå om lag 470 mill. kroner til om lag 680 mill. kroner. Auken i mengd og verd kjem framom alt av det rike vintersild-, lodde- og makrellfisket. Feitsildfisket viste òg noko oppgang, medan småsildfisket gjekk tilbake i forhold til året før. Fangsten av Nordsjø-sild aleine var litt lågare enn i fjor, men det samla kvantumet sild og makrell som vart ilandført frå Nordsjøen og Skagerak i første halvåret, var nesten ein halv gong større enn til same tid i 1965. Også skrei- og torskefiska gav betre resultat. Såleis auka utbyttet av skrei, hyse, loddetorsk og annan torsk med godt og vel 30 000 tonn og nærmare 50 mill. kroner. For seifisket ser det òg ut til å bli eit godt år. Etter førebels oppgåver ved utgangen av august månad er det fiska om lag 1,6 mill. tonn sild, makrell, lodde, tobis og augepål mot om lag 1,2 mill. tonn til same tid i fjor. Det samla utbyttet av fisket vil dermed alt i september i år ha passert rekordutbyttet på 2,1 mill. tonn i 1965.

I kvalfangsten i Antarktis deltok i fangstbolken 1965—66 2 kvalkoker mot 4 i sesongen før. Fangstresultatet vart etter måten bra.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene 5,4 prosent større enn i same tidsrom i fjor. Produksjonsauken var 6 prosent i industri og 2 prosent i kraftforsyning. I bergverksdrift var det ein produksjonsnedgang på 4 prosent. Dei industrigruppene som hadde særleg sterk produksjonsauke, var næringsmiddelindustrien og elektroteknisk industri, medan det var produksjonsnedgang i bl. a. malmgruver og treindustri.

Produksjonsauken i forhold til dei sju første månadene i 1965 var 8 prosent for eksportvarer, vel 4 prosent for konsumvarer og 9 prosent for varer til direkte investering. Produksjonen av varer til bygg og anlegg steig med 3 prosent og for varer til vareinnsats elles med 4 prosent.

Kapasiteten til kraftverka auka med 780 MW i 1965. Jamt over var auken i perioden 1960—64 614 MW for året. Produksjonen av

elektrisk kraft kom i 1965 opp i nærmare 49 milliardar kWh, og var i dei sju første månadene i år 28 milliardar kWh mot 27,5 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Forbruket har hittil i år auka meir enn produksjonen, og importen har auka og eksporten minka i forhold til same perioden i 1965. Magasinfyllinga er i haust noko dårlegare enn i fjor på same tid. Det har framleis vori ei sterk utbygging av overførings- og samkøyringslinjer. Ved siste årsskiftet var det om lag 2 600 menneske som ikkje hadde elektrisk kraft.

Byggjeverksemda har alt i alt hatt om lag same omfang i dei sju første månadene i 1966 som i same tidsrom i fjor. Dei fire første månadene av året låg verksemda noko lågare enn i fjor på grunn av den harde vinteren, men sidan har nivået jamt over vore høgre. Av husvære var det ved utgangen av juli sett i arbeid knapt 400 færre enn på same tid i fjor og teki i bruk like mange. Det samla arealet i arbeid ved månadsskiftet juli/august var snautt 7 prosent høgre enn på same tid i fjor. Talet på husvære i arbeid var om lag 1 300 høgre. Etter oppmoding frå Kommunaldepartementet har om lag 175 kommunar utarbeidd bustadbyggingsprogram for perioden 1966—1970.

I anleggsverksemda var sysselsetjinga i dei sju første månadene av 1966 jamt over om lag som i tilsvarende periode i 1965.

Handelsflåten auka med 300 000 bruttotonn i første halvdel av 1966, og var på 15,8 mill. bruttotonn pr. 30. juni. Størsteparten av tilgangen var tanktonnasje. Ved utgangen av første halvår var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 5,5 mill. bruttotonn mot 4,6 mill. bruttotonn på same tid i fjor. For tørrlastskip var fraktene på verdsmarknaden berre litt lågare i første halvår 1966 enn eitt år tidlegare, men tankkratane har gått noko opp. Ved utgangen av august låg ingen skip i opplag.

Den innanlandske samfersla aukar stadig og stort sett i takt med aukande produksjon og stigande levestandard. Auken er framleis sterkast i vegtransport og lufttransport.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1965 på 65 700 km. Av dei hadde 11 200 km fått fast dekke eller oljegrusdekke. Av riksvegnettet var om lag 12 500 km tillatne for 7 tonn akseltrykk og om lag 1500 km for 8 tonn. Nye ferjesamband og auka frekvens i eksisterande samband har skapt betre samanheng i vegnettet i kyststrøka. Bilparken er no på ca. 640 000 køyrety, og det er om lag ei tredobling på dei siste 10 åra. Talet på ny-

registrerte bilar var større i første halvår 1966 enn i første halvår 1965.

Jernbanestrekninga frå Hamar til Lillehammer blir ferdig for elektrisk drift omkring 1. november i år. Trafikken med Norges statsbaner utvikla seg gunstigare i 1965 og første halvår 1966 enn i åra før. Den gjennomsnittlege reiselengda har auka, og plassutnyttinga har vorti betre. Godsmengda, utanom spesielle malmtransportar, auka med 6,6 prosent i 1965 og 9,5 prosent i første halvår 1966 jamført med tilsvarende tidsrom året før.

Utviklinga av det innanlandske flyrutenettet held fram. Ei ny sjøflyrute har i sommarsesongen 1966 trafikkert strekninga Værnes—Bodø med stopp ved dei større mellomliggjande stadene. I dei eksisterande rutene er det auka frekvens, og det er sett inn større og snøggare fly. Rutetrafikken innanlands låg i 1965 meir enn 20 prosent over trafikken året før. Trafikkstigninga har vori særleg sterk på rutene til Nord-Noreg, der det var 30 prosent fleire passasjerar i 1965 enn i 1964. Talet på passasjerar som har kommi og reist over norske flyplassar låg i første halvår 1966 14 prosent høgre enn i første halvår 1965.

Kyst- og lokalrutene transporterer vel 8 millionar passasjerar og vel 2 millionar tonn gods for året. Frå 1. september 1966 er det innført eit nytt godsregulativ for hurtigruta og kystgodsrutene basert på vekt og mengd.

Ved utgangen av 1965 var det installert om lag 876 000 telefonapparat ved telefonanlegga og tilknytingsnetta til Telegrafverket. Det er 4,6 prosent fleire apparat enn ved utgangen av 1964. Om lag 79 prosent av apparata var tilknytte automatiske telefonsentralar. Som følgje av ei monaleg utviding av høvet til fjernval vart 22 prosent av den innanlandske rikstelefontrafikken i 1965 avvikla automatisk mot vel 12 prosent året før. Automatiseringa av rikstelefontrafikken med utlandet vart påbyrja i januar i år da abonnentfjernval vart innført for trafikk frå Oslo til nokre av landa i Europa. Dette førte til ein sterk auke i talet på samtaler med utlandet. Den innanlandske telekstenesta vil vere fullautomatisert omkring årsskiftet 1966/67. Den automatiske telekstenesta med utlandet blir utvida til stendig fleire land.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei første 8 månadene 2,9 prosent høgre enn for same tidsrom i fjor. Frå januar og fram til august i år har indeksen vist ein stigning på 3,2 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei første åtte månadene 2,8 prosent høgre enn for same tidsrom i fjor.

Førebels utrekningar over utviklinga i dei

private inntektene tyder på at dei samla lønstakarinntektene før skatt vil bli bortimot 10 prosent større enn i 1965. Den private disponible realinntekta vil så vidt ein no kan dømme, auke med 4–5 prosent frå 1965 til 1966.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar rundt 4 prosent større enn i same tidsrom i 1965. For heile 1966 er det rekna med ein auke i forhold til 1965 på 4–5 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast kapital i første halvår 1966 var om lag uendra frå første halvår 1965. Dette heng for det meste saman med ein sterk nedgang i investeringane i skip, medan investeringane i fast realkapital elles auka. For heile 1966 er det rekna med at bruttoinvesteringane i fast kapital vil auke med ikring 5 prosent frå 1965.

Utlånsauken frå forretnings- og sparebankane har i dei første 8 månadene av året vori mykje sterkare enn i fjor. Verksemda til desse institusjonane har i 1966 ikkje vori knytt til nokon kredittavtale som i åra før. Styremaktene har freista å påverke utlånsverksemda, bl.a. ved å bruke føresegnene i kredittlova om likviditetsreservar og tilleggsreservar. Kreditttilgangen i alt frå utlandet og frå innanlandske lånytarar har vori om lag som venta.

Finanspolitikken har hittil i år ført til ei mykje sterkare likviditetsinndraging frå bankar og publikum enn i 1965, samtidig med at statens låneopptak også har vori større enn i fjor.

Utbygginga av rasjonaliseringsarbeidet i statsforvaltninga held fram, både sentralt i Rasjonaliseringsdirektoratet og i einskilde statsinstitusjonar.

For å oppnå betre planlegging og samordning av rasjonaliseringsinnsatsen vil det kvart år frå og med 1966 bli haldi årlege informasjons- og planleggingsmøte melom kvart einskilt departement og R-direktoratet, under leiing av sjefen for departementet.

Kommunane disponerer i 1966 ein større del av nasjonalproduktet enn før. Samstundes er netto overføringar frå statsbudsjettet til kommunane monaleg større enn før. Trass i dette er kommunane framleis under sterkt økonomisk press. Dette heng saman med utbygginga av skoleverket og dei auka krav som blir sette til kommunane på ymse område. I 1966 bruker 336 av dei 460 kommunane i landet strengaste skattlegging, skattøre 19 og tabell 1. For budsjettåret 1967 vil det bli nytta 210 mill. kroner til kommunal skatteutjamning og om lag 128 mill. kroner som tilskott til vegutgiftene i fylka.

Stønadsattsane etter lovene om alderstrygd, uføretrygd, attføringshjelp, forsørgjartrygd for barn, og enkje- og morstrygd vart auka med ca. 7 prosent frå 1. januar. Krigspensjonane, som følgjer pensjonane i Statens pensjonkasse, er auka med ca. 12 prosent frå 1. mai.

I medeltal for kvar innbyggjar på 15 år og meir, var alkoholforbruket i 1965, 3,72 liter, omrekna i rein alkohol — mot 3,58 liter i 1964. Talet på drukkenskspasmisferder var i 1965 33797. Det var 6,3 prosent fleire enn i 1964. Pr. 1000 innbyggjarar (på 15 år og meir) blir dette 12,1 misferder mot 11,5 i 1964.

Det er gjennomført tiltak for å intensivere arbeidsterapien ved kurstadene for alkoholskadde, bl. a. i form av yrkesopplæring i tekniske fag. Denne lina vil bli ført vidare.

Omsorga for dei funksjonshemma høyrer inn under ulike departement. Det er gjort opptak til å klarleggje ansvarsfordelinga og til å gjennomføre ei betre koordinering av statens tiltak på området.

I samband med lov om sosial omsorg er det med tilskott frå staten sett i gang etatsopplæring for kommunale sosiale tenestemenn. Det er i dag i gang opplæring for over 200 tenestemenn. I 1966 er det gjennomført ei undersøking i eit representativt utval kommunar med sikte på å få klarlagt korleis lova verkar i kommunar som ikkje har sosialkontor.

Den allmenne helsetilstanden må karakteriserast som tilfredsstillande. Det har i året ikkje vori alvorlege epidemiar av farlege smittsame sjukdommar. Arbeidet for å få poliomyelitt under endeleg kontroll har haldi fram. Talet på dødsfall i spebarnalderen går stendig nedover, og er kommi ned i 16,4 promille. Betinginga gjer seg no og sterkt gjeldande i den nordlegaste luten av landet. Arbeidet har haldi fram med å finne nye metodar for å oppdage barn med medfødde utviklingsfeil så tidleg som mogleg, slik at dei straks kan komme under medisinsk behandling.

Det er sett i verk eit omfattande arbeid med sikte på å stoppe den aukande tilsølinga av vassdraga og fjordane våre og av lufta over dei større byane og industristadene.

På grunnlag av løyvingar og godkjende planar blir det psykiske helsevernet vidare utbygd.

Talet på plassar for pasientar under åndsveike-omsorga var 5422 pr. 1. januar 1966, og vil etter dei planane som ligg føre, auke med om lag 400 i året.

Det er vedteki å setje i verk folketannrøkt etter føresegner i lov av 28. juli 1949 i eit nytt

fylke i 1966, og folketannrøkta femner no om i alt 12 fylke, av dei 4 med full utbygging i samsvar med dei godkjende planane. Størsteparten av dei kommunane der det ikkje er innført folketannrøkt, gjev fri skoletannrøkt på kommunal basis.

Gjennom dei siste åra har det gått for seg ei stor utbygging av dei vanlege sjukehusa. Hovudvekta i utbygginga blir no i stadig større monn lagd på dei meir differensierte sjukehusa. I 1966 reknar ein med å ta i bruk om lag 500 nye senger.

Nettoutgiftene til kulturformål over stats- og kommunebudsjetta er i år om lag 3,5 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 038 prestestillingar. Siste året er det gjevi løyve til å byggje 5 kyrkjer og kapell.

Samla elev- og studenttal vil i studieåret 1966–67 komme opp i om lag 720 000. 230 kommunar vil vere i gang med forsøk med 9-årig skole i 1966–67.

Det er no om lag 2 700 elevplassar ved 63 spesialskolar. Det er i 1966 sett i gang 3 nye eksternatskolar for evneveike.

Talet på artianarar og kandidatar frå økonomisk gymnas er i år om lag 12 500 eller om lag 20 prosent av årskullet. I skoleåret 1966–67 vil det vere om lag 46 000 elevar i gymnas og handelsgymnas.

Elevtalet i folkehøgskolen var i 1965–66 over 5 900, av desse om lag 2 300 i vidaregåande kurs.

I lærarskolane er det no om lag 6 700 elevar, og 900 i faglærarskolane. I år vart det uteksaminert 2 350 nye lærarar og 430 faglærarar.

Yrkesskolane under Kyrkje- og undervisningsdepartementet har hausten 1966 om lag 40 000 elevplassar. Verkstadskolane kan i haust ta opp om lag 1 500 fleire elevar enn i skoleåret 1965–66. Dei tekniske skolane blir bygde vidare ut. Såleis kom dei tekniske skolane i Tune og Ålesund i gang hausten 1965. Gjøvik tekniske skole tok opp dei første elevane i år. Det same gjeld den nye soialskolen i Stavanger.

Etter at Stortinget hausten 1965 hadde hatt føre spørsmål om den sentrale administrasjonen for vaksenopplæring, vart det frå 15. januar 1966 skipa ein førebels administrasjon for vaksenopplæring i Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Ved kongeleg resolusjon av 4. mars 1966 er Vaksenopplæringsrådet oppnemnt som rådgjevande organ i spørsmål som gjeld utbygging og koordinering av vaksenopplæringa.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring for

vaksne som lekk i arbeidsmarknads- og selselsetjingspolitikken.

Studenttalet ved universitet og høgskolar i Noreg er hausten 1966 om lag 22 000. I utlandet vil det hausten 1966 vere om lag 3 300 norske studentar, det er 15 prosent av alle norske studentar.

Løyvinga til universitet og høgskolar er auka med 20 prosent frå 1965 til 1966. Nærare 400 nye stillingar er oppretta siste året. Løyvinga til utstyr og inventar i nybygg er meir enn fordobla frå 1965 til 1966. Løyvingane til nybygg og tomtekjøp er no om lag 90 mill. kr. I Oslo vart det til haustsemestret 1966 teki i bruk nybygg på om lag 34 000 brutto kvadratmeter. Ved Universitetet i Bergen vart nybygget for preklinisk medisin på 14 000 kvadratmeter teki i bruk, slik at ein der kan ta opp studentar til eit fullt tannlegestudium.

Den nordiske hushaldshøgskolens norske line, ernæringslina, tok opp dei første 15 studentane hausten 1966. Første delen av anlegget til Noregs idrettshøgskole på Sogn er ferdig og teken i bruk av Statens Gymnastikk-skole.

I 1966 vil det venteleg bli sett i gang byggearbeid på nye undervisningsbygg for om lag 550 mill. kroner. Av denne summen vil om lag 400 mill. kroner gå med til kommunale og fylkeskommunale skolebygg.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. januar i år ca. 98 000 låntakarar med eit samla utlån på over 600 mill. kroner.

Det blir gitt statsstipend til skoleungdom og studentar for om lag 76,5 mill. kroner. Det er i 1966 gitt tilskott til om lag 1 000 nye hyblar for studentar og lærarskoleelevar.

Ved utgangen av 1966 vil det vere om lag 1 080 000 radiolisensar og 575 000 fjernsyns-lisensar. Utbygginga av fjernsynet held fram og vil i år nå fram til Troms fylke.

For 1966 har Norsk kulturfond fordelt 15 mill. kroner til ymse kunst- og kulturformål.

Ved utgangen av 1965 var det om lag 275 samfunnshus, 200 symjehallar, 27 idrettshallar og nærare 5 000 utandørs idrettsanlegg.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Herre Konge! Deres Kongelige Høyhet!

Det 111. ordentlige Storting som Deres Majestet i dag har åpnet, er det andre i denne valgperiode. Trontalen er den første som den nåværende samlingsregjering legger fram. Trontalen bærer bud om at Stortinget vil få seg forelagt en betydelig saksmengde, og de vedtak som Stortinget blir innbudt til å gjøre, får virkninger for hele landet og hele folket.

Vårt lands forhold til andre land vil alltid være av avgjørende betydning. De saker som

tar sikte på å sikre fred, stabilitet og avspenning, så vel som sakene på det næringspolitiske og økonomiske område, vil alle bli omfattet med Stortingets største oppmerksomhet, og de har også fått en meget fremtredende plass i trontalen.

Ganske naturlig er den største del av trontalen viet saker som vedrører landets interne forhold. De spenner over vide områder. De vil kreve omhyggelige vurderinger og avveininger og vil oppta stor del av Stortingets tid.

Stortingets gjerning er ansvarsfull. Det stilles store krav til representantenes evne og vilje til arbeid og samarbeid. Selv om oppfatninger og standpunkter iblant kan avvike, er samtlige representanters felles mål vårt folks fremgang og lykke.

I tillit til at Stortinget og hver enkelt representant vil yte sitt beste i det arbeid som Stortinget nå går til, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.45.

Møte onsdag den 5. oktober kl. 13.

President: **I n g v a l d s e n.**

D a g s o r d e n (nr. 1):

1. Grunngitt spørsmål fra representanten Finn Gustavsen til kirke- og undervisningsministeren:

«Norsk Telegrambyrå har avslått Norsk Gallup Institutt's tilbud om rett til mot godtgjørelse å få offentliggjøre de månedlige politiske gallupundersøkelser som instituttet foretar.

Vil Kirke- og undervisningsdepartementet overveie å anmode Norsk Riksringkasting om å tre i kontakt med Gallup-instituttet med sikte på å sikre radio og

fjernsyn førsteretten til offentliggjøring av undersøkelsene?»

2. Grunngitt spørsmål fra representanten Olaf Kortner til kirke- og undervisningsministeren:

«Hvilket standpunkt tar departementet til forslaget om at staten skal overta driften av den profesjonelle utdannelse i musikk ved musikkonservatoriene?»

3. Grunngitt spørsmål fra representanten Lars Platou til landbruksministeren:

«Kan Regjeringen tenke seg å sette i verk ekstraordinære støttetiltak for å komme de store flomherjede områder, bl. a. i det indre Østlandsområde, til hjelp?»

4. Interpellasjon fra representanten Rolf Hellem til forsvarsministeren:

«I samsvar med inneværende langtidsplan for Forsvaret er det skjedd en sterk reduksjon av sivile hjemler i Forsvarets verksteddrift. Stortinget har forutsatt at denne reduksjonen skjer ut fra det reelle behov.

Vil departementet på denne bakgrunn på ny vurdere behovet av Forsvarets verksteddrift og samtidig vurdere muligheten for en ordning, slik at eventuell personellreduksjon er tilstrekkelig ved naturlig avgang?»

5. Referat.

Minnetaler over tidligere stortingsrepresentanter, forretningsfører Ole Jørgensen, bibelskolebestyrer Nils Andresson Lavik og kjøpmann og gårdbruker Kristian Gunerius Johansen Ramsvik

Presidenten: Ærede medrepresentanter!

Siden Stortinget sist var samlet, er tre tidligere stortingsrepresentanter avgått ved døden.

Tidligere stortingsrepresentant, forretningsfører Ole Jørgensen døde den 5. juli, 68 år gammel. Han var født 13. november 1897 i Vennesla.

I årene 1916 til 1918 gikk han på Søgne landbruksskole. Han ble som ganske ung medlem av Øvrebø kommunestyre, og da han flyttet til Vennesla, kom han snart med i det kommunale arbeid der og var formann og medlem av en rekke styrer og råd. Fra 1927 var han forretningsfører i Vennesla trygdekasse, et verv han innehadde i en årrekke. Han var medlem av herredsstyret fra 1929 og ble valgt til ordfører i 1946. Ole Jørgensen var sterkt religiøst interessert og deltok meget i det kristelige arbeid.

Jørgensen var varamann til Stortinget for Vest-Agder fylke fra 1950 til 1953, valgt av